

# Nord-Fron kommune

## Politisk sak

### Detaljregulering for Detaljreguleringsplan for Givra - del 3 - endeleg behandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal	082/20	22.06.2020
Kommunestyret	060/20	22.06.2020

Saksbehandlar	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	20/10697

#### Vedlegg:

Plankart

Plankart utan omsynssoner

Planføresegner

Planforklaring

ROS-analyse

N-15-J02 Flomsikring av Givra - del 3 vassdragsteknisk utforming

Kommunedirektøren legger saka fram for utval for miljø, landbruk og areal med slik:

#### Innstilling:

Utval for miljø, landbruk og areal rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova §12-12 eigengodkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Givra – del 3 slik den har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 30.4.2020 - 11.6.2020, med slike mindre justeringar:
  1. I planføresegnene blir det gjort slik tillegg i pkt. 5.2: - *Flomsikringstiltak skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, «Flomsikring av Givra, del 3. Beskrivelse av sikringstiltak», notat datert 29.04.2020 fra Norconsult.*
  2. Planføresegnene pkt. 6.1 får slik tillegg: - *For område H320\_1 er det byggeforbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6. Evt. Byggetiltak kan settes i verk etter at tilstrekkelig sikring mot flom i tråd med byggteknisk forskrift er ivaretatt.*
1. I planføresegnene blir det gjort slik tillegg i pkt. 5.2: - *Flomsikringstiltak skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, «Flomsikring av Givra, del 3. Beskrivelse av sikringstiltak», notat datert 29.04.2020 fra Norconsult.*
2. Planføresegnene pkt. 6.1 får slik tillegg: - *For område H320\_1 er det byggeforbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6. Evt. Byggetiltak kan settes i verk etter at tilstrekkelig sikring mot flom i tråd med byggteknisk forskrift er ivaretatt.*  
- *For område H320\_2 skal sikringstiltakene gjennomføres i tråd med notat av 16.04.2020 om flomsikring av Givra, utarbeidet av Norconsult.*  
  
- *For område H320\_3 er det forbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6.*
2. I medhald av plan- og bygningslova §12-14, blir dei områda innafor følgjande

reguleringsplanar oppheva, som er omfatta av den nye planen:

- reguleringsplan for Vinstra vest - endring og omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguleringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.

#### **Utval for miljø, landbruk og areal 22.06.2020:**

##### **Behandling i møte:**

Planleggar Hanne Kristine Risdal ga ei orientering knytt til saka, og kommenterte og korrigererte forslaget til innstilling som har kome to gonger.

Samrøystes som korrigert innstilling.

##### **MLA- 082/20 Vedtak:**

Utval for miljø, landbruk og areal rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova §12-12 eigengodkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Givra – del 3 slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 30.4.2020 - 11.6.2020, med slike mindre justeringar:

1.1 I planføresegnene blir det gjort slik tillegg i pkt. 5.2: - *Flomsikringstiltak skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, «Flomsikring av Givra, del 3. Beskrivelse av sikringstiltak», notat datert 29.04.2020 fra Norconsult.*

1.2 Planføresegnene pkt. 6.1 får slik tillegg: - *For område H320\_1 er det byggeforbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6. Evt. Byggetiltak kan settes i verk etter at tilstrekkelig sikring mot flom i tråd med byggteknisk forskrift er ivaretatt.*

- *For område H320\_2 skal sikringstiltakene gjennomføres i tråd med notat av 16.04.2020 om flomsikring av Givra, utarbeidet av Norconsult.*

- *For område H320\_3 er det forbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6.*

2. I medhald av plan- og bygningslova §12-14, blir dei områda innafor følgjande reguleringsplanar oppheva, som er omfatta av den nye planen:

- reguleringsplan for Vinstra vest - endring og omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguleringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.

## Kommunestyret 22.06.2020:

### Behandling i møte:

Samrøystes som innstillinga.

### KOM- 060/20 Vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova §12-12 eigengodkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for Givra – del 3 slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 30.4.2020 - 11.6.2020, med slike mindre justeringar:

1.1 I planføresegnene blir det gjort slik tillegg i pkt. 5.2: - *Flomsikringstiltak skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, «Flomsikring av Givra, del 3. Beskrivelse av sikringstiltak», notat datert 29.04.2020 fra Norconsult.*

1.2 Planføresegnene pkt. 6.1 får slik tillegg: - *For område H320\_1 er det byggeforbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6. Evt. Byggetiltak kan settes i verk etter at tilstrekkelig sikring mot flom i tråd med byggteknisk forskrift er ivaretatt.*

- *For område H320\_2 skal sikringstiltakene gjennomføres i tråd med notat av 16.04.2020 om flomsikring av Givra, utarbeidet av Norconsult.*

- *For område H320\_3 er det forbud mot alle byggetiltak, jf. pbl §1-6.*

2. I medhald av plan- og bygningslova §12-14, blir dei områda innafor følgjande reguleringsplanar oppheva, som er omfatta av den nye planen:

- reguleringsplan for Vinstra vest - endring og omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguleringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.

### Bakgrunn for saka:

I samband med prosjekt vedr flaumsikring av nedre del av Givra, har detaljreguleringsplan for Givra - del 3 vore ute til offentleg ettersyn i perioden 30.4 - 11.6.2020. Utval for miljø, landbruk og areal hadde planforslaget til 1. gongsbehandling i møte den 23.4.2020, sak 54/20.

Planen er ein av tre separate reguleringsplanar som omhandlar flaumtiltak i Givra. Planen er vidare avgrensa av rundkjøringa ved Dokken Bil og følgjer Vinstragata austover mot Lågen. I nord grenser planområdet til krysset mellom Sundheimsvegen, Kyrkjevegen og Gamle Skåbuvegen. Mot vest er plangrensa felles med detaljreguleringsplan for Vinstra park, som også er under arbeid.



### **Innhald i planforslaget:**

I planarbeidet har det vore vurdert ope eller lukka løysing frå Sundheimsvegen ned til Lågen. Etter ei heilskapleg vurdering og med godkjenning frå NVE, er lukka løysing vald. Planforslaget viser at elveløpet i all hovudsak vil følgje dagens trase, men det blir lagt til rette for at det kan etablerast ein kulvert frå Sundheimsvegen og ned til Lågen med større tverrsnitt enn i dag. I plankartet er det vist ei sikringsone som ivaretek kulverten og tilstrekkeleg sideareal ved evt. behov for framtidig utbetring og vedlikehald.

Vidare blir det lagt opp til mindre justeringar av Sundheimsvegen, for å få betre plass til fortau vest for vegen.

Plankartet viser elles faresoner for flom for dagens situasjon (usikra) og situasjon etter sikring. Det er også vist faresone for erosjon og flaum mot Lågen, samt støysoner.

### **Planfagleg vurdering:**

Det har kome fire merknader ved offentleg ettersyn. Samandrag og vurdering av desse går fram nedanfor:

#### Direktoratet for mineralforvaltning 02.06.2020

Under planområdet er det registret forekomst av sand- og grus, del av Lomoen. Ressursen er av NGU vurdert til å vere av lokal betydning. DMF vurderer at førekomsten innanfor planområdet er utgjengeleg for utnytting på grunn av utbygging. DMF har ingen merknader til planforslaget.

#### Statens vegvesen, 4.06.2020.

Har ingen merknader til planforslaget.

#### Fylkesmannen i Innlandet, 09.06.2020.

NVE legg til grunn at det blir innhenta fråsegn frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), slik at faglege vurderingar som gjelder flaum og flaumsikring blir tatt hand om.

#### Innlandet fylkeskommune, 12.06.2020.

- a. IFK forutsett at tiltaka ikkje berører Fv. 255, inkludert vegskråning.

*Vurdering: Fv. 255 blir ikkje berørt, bortsett i frå kopling av Sundheimsvegen mot*

*rundkjøringa ved Dokken Bil.*

- b. Når det gjeld tiltak i vassdrag, har IFK uttala seg tidlegare i felles brev frå NVE, datert 26.03 og 16.04.2020. Vidare har det vore dialog om tidspunkt for gravearbeider i vassdraget og behov for avbøtande tiltak. FKI oppfattar at dette er løyst og har ikkje ytterlegare merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 09.06.2020.

I si vurdering av planmateriale, peiker NVE på at planføresegnene som omhandlar faresone for flom 1 og 3 (H320\_1 og 3) må presiserast og vise til byggjeforbod for alle byggjetiltak jf. pbl §1-6. Vidare at det visast til konkret slomsikringsplan for sone H320\_2.

Vidare tilrår NVE at referanse til hydrauliske beregningane og dei vassdragstekniske rapportane for sjølve sikringstiltak bør takast inn i pkt. 5.2 i planføresegnene. Krav til sedimentasjon ift. *tidlegare avklart søknad om graving i vassdraget utanom 15. juni.15. september må takast inn i føresegnene.*

*Vurdering: NVE si tilråding om justering i planføresegne som omhandlar faresoner bør følgjast opp. Når det gjeld krav til sedimentasjon, gjeld dette for delstrekning 1 og 2, der det er avklart at sedimenteringsbasseng skal nyttast for å halde attende finstoff. For del 3 er det vurdert og avklart i brev av 23.06.2020 frå NVE at det ikkje vil vere mogleg å etablere løysing for sedimentasjon. Krav om sedimentasjonsbasseng bør derfor ikkje takast inn i planføresegnene.*

Med dei tilrådde endringane vil det ikkje vere behov for nytt offentleg ettersyn, og planen kan leggjast fram for sluttbehandling.

**Kommunedirektøren sin vurdering:**

Flaumsikring av Givra har vorte eit omfattande prosjekt på mange måter. Dei fysiske tiltaka på del 1 er godt i gang, og det er bra at dei neste delstrekningane kontinuerleg blir ferdig planlagt og igangsett.

Kommunedirektøren i Nord-Fron  
Arne Sandbu